

Utviklingsplan 2023-2024

Lye skule





Innhald

| | |
|-------------------------------------|---|
| Innleiing..... | 3 |
| Overordna mål..... | 3 |
| Sektormål for grunnopplæringa | 3 |
| Overordna del av læreplanen..... | 4 |
| Kommunale strategiar, planar..... | 4 |
| Utviklingsområde 2022-2023 | 4 |
| Vurdering av utviklingsområda | 5 |
| Utviklingsområde 2023-2024 | 5 |
| Mål og tiltak 2023-2024 | 6 |

Innleiing

Utviklingsplanen er ein del av vårt system for kvalitetsutvikling. Gjennom året gjennomfører me som skule prosessar i personalet for å følgja opp om elevane våre når måla i læreplanverket. I arbeidet vert det lagt til rette for at elevane skal vera medskapande, og for involvering av foreldra. Me får gjennom ulike kartleggingar, undersøkingar og utviklingssamtalar med elevane eitt godt kunnskapsgrunnlag som dannar grunnlaget for kva me som skule må jobba med å forsterka, forbetra og utvikla. Dette dannar grunnlaget for kva me som skule vel å ha som utviklingsområde med mål og tiltak som me vil jobba mot.

Utviklingsplanen seier noko om dei overordna målsettingane for skulen. Kva utviklingsområde me hadde førre år, og kort om kva som har kome fram av ulike evalueringar undervegs. Det vil kort verta gjort greie for kva vurderingar som er gjort i prosessar med personalet og elevane for å koma fram til om det er behov for vidareføring av utviklingsområde, eller nye utviklingsområde.

I siste delen er utviklingsområda, knytt til læringsmiljø og læringsresultat, sett inn i ein tabell med mål, tiltak og korleis desse skal evaluerast.

Overordna mål


Sektormål for grunnopplæringa

Dei nasjonale sektormåla er førande for kva skuleeigar saman med skulane skal jobba for å oppnå:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lukkast i opplæringa og utdanninga

Overordna del av læreplanen

Overordna del av læreplanverket er grunnlaget for skulen sitt samfunnsoppdrag og er tufta på formålsparagrafen i opplæringslova.



Figur 1: Overordna del – Formålet for opplæringa

Kommunale strategiar, planar

I «Strategiplan for oppvekst 2016-2022» er det fem sentrale satsingsområde som definerer retning mot felles mål. I utviklingsarbeidet vårt dette året har me hatt fokus på satsingsområdet inkluderande læringsmiljø på vår skule.

Utviklingsområde 2022-2023

Følgjande var utviklingsområde i 2022-23:

Læringsmiljø- Ein skulekvardag der elevane får medverke i eiga læring. Elevane opplever ein trygg og god skulekvardag.

Læringsresultat- Alle elevane opplever leseglede og har utvikling i lesinga si

I løpet av året er det gjennomført skulebasert vurdering for å sjå på i kva grad mål og tiltak har ført til utvikling på områda. Dette er del av kunnskapsgrunnlaget som me har for å vurdera kva me skal jobba vidare med å utvikla eller kva me nå kan leggja til drift.

Vurdering av utviklingsområda

Analyse av data og prosessar i personalet, med elevane og føresette syner at me er gode på å kartlegge elevane sine behov og sette inn tiltak for å hjelpe eleven. Elevane tilbakemelder at dei trivst og opplever støtte frå lærarane sine. Vi må fortsetje å utvikle oss på å setje inn tiltak vi veit verkar, og som er forankra i teori og forskning.

Me ser at elevar som strevar fagleg, og elevar som ikkje meistrar elevrolla, treng tiltak som er systematiske og gir effekt. Personalet skal få kompetanseheving i korleis ein kan drive dysleksivennleg undervisning ved at me saman skal gjennomgå “Dysleksihåndboka for lærere”.

Eit anna området lærarane har tilbakemeldt om, er auka uønska språkbruk blant elevane. For å få effekt av tiltak me set inn på skulen, må føresette bli tett involvert. Skulen må ha tett samarbeid med heimane slik at både personalet og føresette kan vere samlande og trygge vaksne rundt barnet.

I forhold til stop punkt, delmål, resultatmål og evaluering konkluderer me med, at det er nyttig å vidareføre utviklingsområda frå skuleåret 2022-2023. Me har ikkje nådd ønska resultatmål. Utviklingsområda er store og inngripande og for å få til utvikling og endring vil me ha behov for å jobba i dette over tid. Me ser for oss at me vil vera i dette utviklingsområdet dei to neste skuleåra, 2023- 2025.

For å oppnå resultat må me jobba over tid. Lye skule vil derfor vidareføre mål frå i fjor knytt til framgang i lesing, elevane har ein skulekvardag der dei får medverke i eiga læring, og eit trygt og godt skulemiljø med ekstra fokus på språkbruk.

Utviklingsområde 2023-2024

Følgjande skal vera utviklingsområde i 2023-24:

Læringsmiljø - Ein skulekvardag der elevane lærar gjennom samarbeid, og snakkar fint til og om kvarandre.

Læringsresultat - Alle elevane har utvikling i lesinga si.

Mål og tiltak 2023-2024

Utviklingsområde:

Læringsmiljø - Ein skulekvardag der elevane lærar gjennom samarbeid, og snakkar fint til og om kvarandre.

Læringsresultat - Alle elevane har utvikling i lesinga si.

Status:

Læringsmiljø: Auke i antal elevar som melder frå om verbal mobbing. Skulen vil inneverande skuleår ha eit ekstra fokus på språkbruk.

Læringsresultat: Læringsresultat varierer. Skulen vil ha fokus på å løfte og stabiliserer læringsresultatet i lesing.

Læringsresultat: Alle elevane har utvikling i lesinga si.

| Effektmål (gevinst) | Resultatmål | Delmål | Tiltak | Stoppunkt |
|--|---|---|---|---|
| Kva vil dette føra til på lengre sikt? | Konkret kva skal ein oppnå/innfri? (SMARTE-mål) | Kva konkrete mål på vegen og kva tid skal desse oppnås og evaluerast? (SMARTE-mål) | Kva skal lærarane setja i verk/gjera i praksis for å nå måla? | |
| Læringsresultat <i>Elevane er funksjonelle lesarar</i> | Nasjonale prøvar i lesing: Færre enn 15% på nivå 1 i 2024 | Nasjonale prøver i lesing: Færre enn 15% på nivå 1 i 2024 | 2.-7.trinn gjennomfører klasseleskurs haust og vår. | Evaluering i PU-tid etter gjennomført kurs. |
| | Alle elevar har progresjon i lesinga si. | Elevar som har lese-, skrive – og/eller språkvanskar skal bruke hjelpemiddel dei har behov for. | Skulen vil utarbeide ein plan for oppfølging av elevar som har vanskar. Elevar som har lese-, skrive – og/eller språkvanskar skal få opplæring i hjelpemiddel dei har behov for. | Spørjeundersøking blant elevane som deltek på kurset før jul. |
| | | Meir dysleksivennleg undervisning i klasserommet | Jobbe systematisk med «Dysleksihandboka» som kompetanseheving i personalet. | To trinnsamtalar haust og to samtalar vår på kvart trinn, utprøving og erfaringar er tema i samtalen. |

Læringsmiljø- Elevane opplever skulen som relevant og motiverande. Elevane opplever ein trygg og god skulekvardag, betre språkbruk blant elevane

| Effekt mål (gevinst) Kva vil dette føra til på lengre sikt? | Resultatmål Konkret kva skal ein oppnå/innfri? (SMARTE-mål) | Delmål Kva konkrete mål på vegen og kva tid skal desse oppnås og evaluert? (SMARTE-mål) | Tiltak Kva skal lærarane setja i verk/gjera i praksis for å nå måla? | Stoppunkt |
|---|---|--|--|---|
| Læringsmiljø <i>Ein skulekvardag der elevane får medverke i eiga læring, får variert og tilpassa undervisning</i> | Elevundersøking: Trivsel, mål om 4,0. Elevmedverknad, mål om 4,0 Vurdering for læring, mål om 4,0 Mobbetalet skal vera under 5,5%. | Aktive elevar i klasserommet. Fin språkbruk blant elevane | Alle trinna lager ein plan for kva CL-strukturar dei vil bruke på sitt trinn. Aldersblanda kursrekke for 5.-7.trinn 2 timar i veka gjennom vårhalvåret. Elevane vel sjølv kva kurs dei vil gå på. | Erfaringsdeling i lagmøta og tema i trinnsamtalane. Formsundersøking blant elevane etter gjennomført kurs. |
| | | | Punkt på «Korleis har du det?»-arket: På ein skala frå 1-5, kor fin vil du seie at språkbruken din har vore denne veka? Punkt på utviklingssamtalen Alle vaksne på skulen gir beskjed til elevene når dei høyrer ufin språkbruk. Tema på to Olweusklasse møter i året. Kva er fin språkbruk? Kva er ikkje fin språkbruk? Kva skal ein akseptera på ein skule? Korleis vil me ha det i vår klasse? | «Korleis har du det?» -arket kvar veke Utv.samt. haust og vår Referat frå desse to møta skal leverast til rektor i elevrådsmøtet. |

